

# Eknesvågens Venner

## Årsmelding 2014

### Styret 2014:

Leiar: Karstein Bjørge

Nestleiar: Ane Kortner

Kasserar: Finn Gulbrandsøy

Sekretær: Arild Myhr

Styremedlem: Gunnar Gulbrandsøy

Vara: 1. Alf Bjarne Nilsen

2. Turid Eknes

3. Tomas Erlien

Revisor: Randi Havnerås Hummelslund.

Valnemd: Tove Gulbrandsøy og Ingrid Sødal Eidsnes.

### Styremøter:

Styret har i arbeidsåret 2014 hatt 9 styremøte. Alle på bokkafeen.

### Medlemstal:

Det var i 2014, 128 medlemmer. Der av 2 gratis.

(137 i 2014, 107 i 2012, 109 i 2011 og 101 i 2010.)

### Økonomi:

Økonomien i laget er god. Av ulike grunnar ligg det føre ein del ubetalte rekningar (td sjukdom hjå kreditor slik at rekninga ikkje kom før i 2015), ca kr 20 043. Denne type kortsiktig gjeld utgjer kr 25 800.

I 2014 tok vi imot følgjande tilskott:

Folkeakademiet	kr 1 800
Trygg forsikring	kr 1 000
Kystsovevekene	kr 5 000

Lindås kommune driftstilskott	kr 6 000	
Lindås kommune investering toalett	kr 6 000	
Lindås kommune vask skulemuseet	kr 3 000	
Lindås kommune Songkveld	<u>kr 2 000</u>	= kr 24 800

Vi hadde også eit bra overskott på utloddingane våre.

Av midlar til disposisjon i 2015 kr 85 582 er ca kr 5000 øyremerka Minnesmerket og krans. Og kr 6 000 til investering toalett.

## Arrangement:

### 17. mai

Flaggheising kl. 08.00 som vanleg.

Astrid Aarhus Byrknes heldt apell ved minnestøtta over Ingvald Eidsheim og KNM Hitra.

Det var 24 personar til frukost.

## To-fjellsturen

Tofjellsturen gjekk som vanleg 2. pinsedag.

Berge Eknes var turleiar.

På Totlandsfjellet las Wilhelm Overå ord for dagen.

Irene Femanger las dikt.

Det var song ved Else Westervik og musikk ved Boris Kuprianov og Gunnar Eide.

Turen gjekk vidare i eit nydeleg ver til grindabygget på Bjørge.

Der var det sett opp grillar, så folk kunne grille medbragt.

Det var 29 deltakarar på turen.

Ein svært vellukka tur.

## Eknesvågdagen 14. juni

Oster kom som vanleg med brød frå Tysse kl. 08.20.

Bra oppmøte på kaien. Mange skulle med Oster til byen.

Salsbuer og bokkafe opna kl. 15.00.

Karen Guldbrandsøy hadde 2.nd hand marknad til inntekt for kreftforeningen.

Alf Nilsen leda arrangementet.

Ordfører Astrid Aarhus Byrknes og Leif Sleire underholdt med song og musikk.

Det gjorde også Boris Kuprianov, Else Westerivk og Gunnar Eide.

Der var leikar for born: Boksekasting, fiskedam og kasting på strek.

Det var og palleløp på vågen.

Oster kom frå byen kl. 17.30.

Hjelmås Mannskor kom med Oster og avslutta arrangementet med song.

Det var eit nydeleg ver heile dagen.

Det var seld 161 billettar.

Borna gjekk gratis.

Totalt var det om lag 300 personar på Eknesdagen 2014.

## **Kystsogevekene 2014.**

Kystsogevekene 2014 starta:

**Søndag 10. August kl. 1400.**

«Villsauen – ein gløymd resurs.»

v/Svanhild Tofting.

Det møtte 27 personar som hørde på.

**Søndag 17. august kl. 14.00.**

«Tradisjonsmat frå Nordhordland»

v/Magnhild Dyrdal.

Det møtte 37 personar som hørde på.

**Søndag 24. august kl. 14.00.**

«Samferdsel og Posten»

v/Artur Brekke.

Det møtte 17 personar og hørde på.

**Søndag 31. august kl. 14.00.**

«Fuglane ved kysten vår»

v/Ragnar Floen.

Det møtte 15 personar og høyrde på.

Etterpå heldt Erling Johannesen gratiskonsert med urframføring på heile 50 min.

**Søndag 07. september kl. 14.00.**

«Hillesvåg Ullvarefabrikk – ei levande tekstilhistorie»

v/Øyvind Myhr.

Det møtte 12 personar som høyrde på.

**Søndag 14. september kl. 14.00.**

1) «Vern av Heltveit – Bjørge naturvernreservat»

2) «Situasjonen for sjøfuglane i Nordhordland»

Fylkesmannen i Hordaland

v/Jørgen Aarø og Stein Byrkjeland.

Det møtte 19 personar som høyrde på.

## **Dugnad på skulemuseet på Vassel.**

Onsdag 27. september kl. 18.00.

Lindås Kommune spurte om Eknesvågens Venner kunne ta på seg å vaska golv og vindauge på skulemuseet, begge høgdene. I tillegg måtte det støvsugast og turkast støv. EV fekk betalt for arbeidet.

Eknesvågens Venner tok jobben.

## **Songkveld i Lindås skulemuseum på Vassel 14. september kl. 18.00.**

Lindås kommune ba Eknesvågens Venner om å skipa til ein allsongkveld på skulemuseet søndag 14. september kl 18.00.

Songar frå Lars Sørås si songbok var utgangspunktet for alsongen.

Kven hugsar ikkje Fager kveldsol smiler, No livnar det i lundar, Blåmann, blåmann bukken min osv.

Sidan det var Prøysen år i fjor, vart det nokre Prøysensongar og.

Tonefylgje var ved Otto Aksnes.

Ein kaffikopp og noko å bita i vart det også råd å få kjøpt.

Det møtte om lag 50 personar.  
Veldig positiv tilbakemelding frå alle.

## **Julekai**

Julekaien i år var søndag 23. november.

Bokkafeen og julemessa opna kl. 14.00.  
Ordførar Astrid Aarhus Byrknes helsa velkomen og song.  
Koret Kyrios frå Hjelmås/Leknes song.  
Ordføraren tente julegrana og det var gong rundt treet.  
Nissen kom med gåver til borna.  
Alf Bjarne Nilsen leda julekaien.

EV hadde sal av graut, kaffi, gløgg, grillpølser, brus og nysteikte lappar.  
Det var sal frå ni salsbuer utanom EV sine buer.

Varaordførar May Eva Sandvik opna peparkakebygda som var laga av barneskulen, sfo og barnehagen på Ostereidet og barneskulen på Eikanger.

I 2014 var det om lag 200 personar på julekaien trass regn og vind.

Det vart kjøpt inn ein del led- lampar, skjøyteledningar, koblingsfjølser og ei dobbel kokeplate.

Det vart seldt ca. 220 loddbøker.  
I år hadde me eit lynlotteri på julekaien. Dette var svært vellukka.  
Me leigde eit telt til EV sine buer pga. veret.

## **«Me syng jula inn på Lindås skulemuseum på Vassel».**

14. desember kl. 18.00 var 35 personsr samla i skulehuset på Vassel for å syngja jula inn.

Songen vert leidd av Alf Bjarne Nilsen.

Det var sal av kaffi og julekaker.

Det var gratis tilgjenge.

## **Bokkafeen**

Bokkafeen var open frå og med første søndag etter påske, til og med julekaien.  
Bokkafeen heldt stengt i desember.  
Det var eit par dugnadar på bokkafeen i 2013.

Frammøtet var jamt over godt på bokkafeen.  
Omsettinga har vore bra men kunne vore betre.

## **Totlandsfjellet**

Det var 5880 besøk på hytta på Totlandsfjellet. (5490 i 2012 og 4100 i 2011.)  
Fem vandrarstavar vart trekt ut mellom dei som hadde skrive seg i hytteboka.  
Vi fekk i 2013 kr 10 000 frå Sparebankfondet til betring av turløypene og skilting. Arbeidet er delvis gjort i 2014.

## **Strikkekafeen**

Strikkekafeen har i arbeidsåret hatt 15 treff på bokkafeen.  
Gjennomsnitt frammøte for heile året ligg på 6 personar kvar gong.  
Strikkekafeen hadde to utstillingar på bokkafeen. Ein om Våren og ein om Ull  
Strikkekafeen var også ansvarleg for vinstar til utloddingane våre.  
Ei stor takk for vinstar og godt utført arbeid.

## **Grindabygg**

I 2014 har det vore gjort ein del vedlikehaldsarbeid og det er sett opp hyller til bøker. Det er kjøpt inn material til ferdigstilling av bygget. Eit arbeid som vert gjort når det vert varmare i veret.

### **Toalett:**

Vi fekk kr 6 000 frå Lindås kommune til rehabilitering av toalettbygget. Arbeidet vil verta utført i 2015.

## **Representasjon:**

Leiaren har vore styremedlem (kasserar) i Nordhordland Folkeakademi.

## **Media.**

Eknesvågens Venner har også i 2014 hatt eit svært godt samarbeid med lokalavisene Nordhordland og Strilen. Alle tilskipingane har fått god dekking .  
Det har vore førehandsomtale eller referat frå tilskipingane eller også begge deler.

## **Samarbeid med andre:**

Ordfører eller varaordfører i Lindås kommune har deltatt på fleire av tilstellingane våre. Samarbeidet med kulturkontoret i Lindås og Stiftinga Kystsogevekene har også vore svært bra.

Styret vil til slutt takka alle som har møtt opp på tilstellingane våre og elles hjelpt oss med dugnadsarbeid.

Ane Kortner

Finn Guldbrandsøy

Arild Myhr

Gunnar Guldbrandsøy

Karstein Bjørge

Alf Bjarne Nilsen  
(1. vara)